



Gustav Bergstø og Sussi Bodin med eit av blinkskota hennar frå Grand Canaria. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er utruleg at nokon vil stella til så mykje oppstyr rundt to gamle gubbar. Eg kjenner meg både smigra og hjelpelaus, sa Arne Vestli (54) då han hadde sunge viser for rundt 30 på Snikkeriet i Rosendal laurdag. Den andre gubben var uskedeling og fargeklatt Gustav Bergstø (86) og treffet var ei avrunding på "Prosjekt Grand Canaria" som vara i ni veker og som dei to gjennomførde med bravur. Etter det som kom fram i Rosendal er "Gustaven og kammertenaren" ein passende tittel.

Då Arne og Gustav drog til Puerto Rico kom Anne Gro Opheim og Sussi Bodin etter med kulepenn og kamera og resultatet etter ei veke saman med gubbane vart to doble sider i Grenda og utstilling av 19 både festlege og avslørande bilete som Sussi tok. Bileta vart beundra og rost av mange i Snikkeriet.

- Korleis likte du å verta fotografert frå alle baugar og kantar, spurde uskedalen.do Gustaven.

- Det var vanvittig at dei orka, var svaret.

- Eg tok 250 bilete før det kom ein smil, men då kom han og, sa Sussi.

Med bileta strekar den dyktige songaren og musikaren kraftig under at ho er ein multikunstnar.

Gustaven, brunbarka heilt til topps slik målsettinga hans var, forsikra at han hadde hatt eit fint opphald.

Det var framfor alt han dei to damene var ute etter som objekt, men etterkvart fekk dei også opp auga for Arne (opprinneleg frå Rena, men i mange år no sjåfør på Rosendalstunet).

- Det var eit kjempespennande og rørende forhold mellom dei to. Arne vart i grunnen den kammertenar som Gustav fortente. Til dømes laga han alle måltider, fortalde Sussi, som hadde denne presise karakteristikken av Gustaven:

- Han har ikkje reist så langt reint fysisk, men han har reist langt inne i hovudet sitt. Der flakkar han frå ide til ide og blir ikkje ståande stille.

Naturleg nok hadde Arne ei spesiell vise til Gustaven og ikkje overraskende men svært treffande var det ei som sambygdingen hans, Vidar Sandbeck har skreve og som heiter "På folkemunne". Det er den som startar med "Je kunne vøri mye, je kunne vøri mangt..."

Den passar som hand i hanske på den mangfoldige karen på Korsnes.

Av Ola Matti Mathisen



Arne Vestli er ein fin og var visetolkar. (Foto: Ola Matti Mathisen).